

3 gode år for og med Lilli Britt.

05.04.2017



Tre gode år for Uskedalen skule og Lilli Britt Urheim.

Ho hadde mykje positivt å seia om åra som rektor ved Uskedal skule Lilli Britt Urheim då vi snakka med ho på kontoret hennar onsdag. Ho er raus i rosen både til kollegaer, elevar og foreldregruppa. Vi forstår ho kunne tenkt seg nokre år til ved skulen, men det var no sjansen til å verta rektor ved Husnes ungdomsskule var der. Dermed skiftar ho beite frå neste skuleår.

Lilli Britt Urheim var heilt ny i rektorrolla då ho kom til Uskedal skule frå Hatlestrand der ho hadde vorerådgjevar, hausten 2013. Tida i Uskedalen har ho gjort ein svært god jobb og er blitt ein svært avhalden rektor i bygda, blant elevane og dei tilsette.

- Vi sutra ein halv dag då vi fekk vita at ho hadde vorte tilsett på Husnes, sa ein tilsett då eg var nedom skulen, men la til, så fann vi ut at vi fekk oppføra oss som folk, gjekk og kjøpte roser og gratulerte. Fleire andre rosa ho og som ein svært god leiar. Eg har inntrykk av at ho har vore samlande, og har fått kollegiet til å dra saman og gjera kvarandre gode. Ho har og vore mykje ute blant elevane både i undervisning og andre samanhengar. Det har alltid vore open dør inn til kontoret hennar.

Lilli Britt fortalte at då ho starta var det rett på, men ho var heldig og fekk tildelt Bjørn Rune Bergane, rektor i Omvikdalen, som mentor første tida. Han kunne ho spørja om alt mogeleg, saman med kontordama ved same skule, Kari Synnøve Tveit, var han til kjempegod hjelp.

- Og så har eg hatt Odd Steinar til rektorvikar heile tida. Han hadde eg ikkje klart meg utan. Elles har eg hatt gode folk rundt meg, rosar ho.

Ho kunne fortelja at ho har trivdest veldig godt på skulen.

- Det er så frykteleg godt humør her med mykje galgenhumor, ja, det er stor takhøgde her så det var ikkje med lett hjarte eg tok denne avgjerda. Eg venta også til tolvt time før eg søkte etter at eg hadde gått mange rundar med meg sjølv, seier ho, og det er tydeleg at ho er blitt glad i denne skulen.

- Eg kjem til å sakna elevane. Her kjenner eg alle på namn og kan sei 'Hei, Jonathan' når eg møter dei i gangane. Eg kjem til å sakna heile stemningen på skulen.

- I tillegg er det heilt unikt for Uskedalen korleis heile bygda støttar opp om skulen, seier ho og viser til det store engasjementet rundt oppfølginga av det rettmessige gratisprinsippet. Når ho seier dette, ramsar ho opp firma

etter firma, lag og organisasjonar som har gjeve store gåver og har hjelpt dei til å gjera det mogeleg å gjennomføra viktige trivselstiltak som skiturar og andre turar, Tine-stafett og gratis kantine for å nemna noko.

Lilli Britt ser med spenning fram til den nye jobben. Ho seier at det blir ein annan måte å jobba på. Det vert meir teamarbeid og ein heilt annan styringsmodell. I tillegg håpar ho å få til eit godt samarbeid med Rosendal ungdomsskule. Det kan begge skulane dra nytte av, og dei kan verta meir like. Ho og med rektoren der, Bjørn Olav Tveit, har alt snakka om dette.

- Det er eigentleg for tidleg å skifta jobb etter 3 år. Eg meiner 5 år er eit minimum, men det var no denne sjansen baud seg, og då vart det slik, seier Lilli Britt som framleis vil dagpendla frå Ølve. Ho seier at det kan verta aktuelt å flytta over på denne sida når ungane er vaksne og er flytta ut. Yngstemann vert konfirmert i år.

Vi er sikker på at den dyktige og omgjengelege dama vil få gode arbeidsdagar og vil trivast på Husnes ungdomsskule. Vi ønskjer lukke til! Vi nemner det berre, Uskedalen er ein fantastisk plass å bu. Noko å tenkja på når den tid kjem!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.

PS. Rektorstillinga i Uskedalen vert lyst ledig ein av dei første dagane.